

## Vikariat organisasjonssekretær 100 %

Bergen ungdomslag Ervingen er ein frilynt aktivitesorganisasjon som driv med folkedans, folkemusikk, kor og teater. Bergen ul Ervingen er medlem av mellom anna Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag.

Grunna fødselspermisjon søker laget ein organisasjonssekretær i perioden 1. august 2013 – 7. februar 2014, med moglegheit for forlenging til 9. mai 2014.

Me søker ein person som er sjølvstendig, ryddig og imøtekommande.

Som organisasjonssekretær utfører du vanlege kontorfunksjonar og fylgjer opp aktivitetar i laget. Du utarbeider søknadar, konkretiserer prosjekt og formulerer prosjektsøknadar. Du yter medlemservice og oppdaterar medlemsregisteret, samt er kontaktledd til dei landsdekkjande organisasjonane som laget tilhøyrrer. Ei anna viktig arbeidsoppgåve er intern og ekstern informasjon, mellom anna oppdatering av nettsidene til laget, marknadsføring og medlemsrekruttering. I tillegg leiger du ut lagshytta.

Arbeidsspråket i organisasjonen er nynorsk.

Fast kontortid mellom 09.00 – 15.00, elles fleksibel arbeidstid. I tillegg vil det bli nokre møter på kveldstid.

Laget har kontorlokale i Fensal, Kong Oscars gate 15, og du vil dele kontor med ein rekneskapsførar i 25 % stilling.

Løn etter Noregs Ungdomslag sin lønstabell.

Søknadsfrist: 20.mars

For meir informasjon, kontakt Astrid Sirnes tlf. 92657517

Send søknaden til [kantoret@bergen.ungdomslag.no](mailto:kantoret@bergen.ungdomslag.no)